



DKG. Olje- og energidepartement  
Postboks 8148 Dep  
Olje- og energiminister Terje Riis Johansen  
0033 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id	Arkiv	Dato:
	10/742-17	11/1938	N-654/	21.02.2011

**MELDING OM VEDTAK.  
HØYRINGSUTTALE TIL RAPPORT FRÅ SJØKABELUTGREINGANE**

Vedlagt følger saksutreiing med vedtak.

Med helsing  
Ullensvang herad

Sveinung Dukstad  
Assisterande rådmann

*Sakshandsamar sin tlf: 53 67 15 35*  
*Sakshandsamar sin e-postadr.: sduk@ullensvang.herad.no*

Kopi til arkiv og kopibok



Hardanger

Ullensvang herad  
Heradshuset  
5780 KINSARVIK

Org.nr: 964 967 903  
Bankgiro 3450.19.70400

Telefon: 53 67 15 00  
Telefaks: 53 67 15 01  
E post: postmottak@ullensvang.herad.no

[www.ullensvang.herad.no](http://www.ullensvang.herad.no)

# Ullensvang herad

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet			SDUK

<b>Endeleg vedtak i:</b> Saksansv .: Tone Tveito Eidnes	<b>Arkiv:</b> N-654 <b>Objekt:</b>	<b>J.post id.</b> 11/1935	<b>Arkivsaknr</b> 10/742 - 16
--	---------------------------------------	------------------------------	----------------------------------

### HØYRINGSUTTALE 420 KV KRAFTLINE SIMA - SAMNANGER

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
15	I	17.02.2011	Hardangerrådet	Høyringsuttale til Rapport frå sjøkabelutgreiingane

#### Vedlegg:

Høyringsuttale frå Hardangerrådet

#### Saksutgreiing:

Sjå felles saksutgreiing frå Hardangerrådet

#### Vurdering:

Sjå felles saksutgreiing frå Hardangerrådet

### 21.02.2011 FORMANNSKAPET

#### Røysting :

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FSK-025/11 VEDTAK:

Ullensvang herad støttar Hardangerrådet sin høyringsuttale til Rapport frå sjøkabelutgreiingane

TEKE  
18 FEB 2011

ULLENSVANG HERAD	
Arkiv saksnr. 10/742	
Dok.nr: 15	Journalnr. ar: 11/1922
18 FEB 2011	
Saksbeh.: tte	Kopi til:
Art.kode: 654	Art.kode:
Arkivdel: 5108-1	Gr. sving:

Til  
Det konglege Olje- og Energidepartementet  
Attn. Olje- og Energiministar Terje Riis Johansen  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo


## Høyringsuttale til Rapport frå sjøkabelutgreiingane. Dagsett 1. februar 2011.

Viser til brev frå OED av 28.01.2011 dykkar referanse 10/01311-15, presentasjon på Gardermoen 01.02.2011 og høyringsmøte i Bergen 10.02.2011. Høyringsfristen vart sett til 21.02.2011.

Hardangerrådet iks er Regionråd for dei 7 Hardangerkommunane-/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik.  
Hardangerrådet har fått dei 4 Sjøkabelutvala si utgreiing til høyring og drøfta utvalsrapportane i Hardangerrådsmøtet 17.02.2011.

Vedlagt ligg den samrøystes vedtekne høyringsuttalen frå Hardangerrådet.


Kinsarvik 18.02.2011

  
Leiv Vambheim  
Dagleg leiar.

Kopi til kommunane/herada i Hardangerrådet  
Kopi til Hordaland Fylkeskommune v/Fylkesordførar.

Hardangerrådet – Pb 78, 5782 Kinsarvik – Tlf.: 53 67 14 50 – Fax: 53 67 14 51  
FNR: NO 980 045 412 – Bankgiro: 3450.35.55168  
www.hardangerraadet.no – E-post: post@hardangerraadet.no





**Hardangerrådet iks**



Hardanger

## **Høyringsuttale til Rapport frå sjøkabelutgreiingane. Dagsett 1. februar 2011.**

### **Følgjande uttale vart samrøystes vedteke i Hardangerrådet iks i Rådsmøte 17.februar 2011:**

Hardangerrådet seier seg nøgd med at Regjeringa engasjerte fire ekspertutval for å utgreie ulike sider ved etablering av ny overføringslinje for kraft frå Eidfjord til Samnanger. Når dei fire rapportane no er lagt fram, er det viktig at kommunane og Regjeringa tek seg tid til å handsame konklusjonane i desse.

Hardangerrådet merkar seg at rapportane framhevar at straumsituasjonen til Bergensregionen er utfordrande men ikkje kritisk, dei næraste åra, om den alt planlagde utvidinga av linekapasiteten til regionen vert realisert. Det er såleis ikkje noko sjølvstendig argument imot sjøkabel i Hardangerfjorden at denne vil vere i drift først i 2018.

Utval IV konkluderer slik:

”Situasjonen på kort sikt er ikkje så alvorlig at det ikkje er mulig å vente med den konsesjonsgitte linjen mellom Sima og Samnanger. Dermed er det relevant å diskutere alternative løsnings...” og ”Situasjonen over Bergenssnittet påvirkes ikkje av en ny linje.”

Utval III konkluderer slik:

”Dersom linjen Modalen-Mongstad-Kollsnes er på plass innen 2016 og Energiverket på Mongstad kommer i full drift fra 2015, vil forsyningsikkerheten i BKK-området med stor sannsynlighet være tilfredsstillende det neste tiåret, selv om Sima-Samnanger ikke er på plass fra 2012.”

Hardangerrådet ser framleis at alternativet med sjøkabel er det beste fordi det i størst grad vernar om dei unike natur- og kulturverdiane som er i Hardanger. Det sjølvstendige og berande argumentet mot ein sjøkabel, er og blir den ekstra kostnaden som kabelen vil gje. I tillegg vil eventuelle feil ta lenger tid å få retta opp.

Hardangerrådet ser at ein sjøkabel kan skape presedens når staten seinare skal føre fram straumkablur i andre deler av landet med liknande natur og kultur med høg verdi. Skal deler av desse kablane leggjast i sjø og jord, vil det medføre ein ekstra kostnad stipulert i rapportane på 15 - 30 milliardar i perioden 2011 - 2020.

Desse pengane lyt Regjeringa hente inn gjennom ei robust og rettvis finansieringsordning. I arbeidet med denne er det verdt å minne om at vasskrafta er ein unik nasjonal og internasjonal ressurs, med veksande kommersiell verdi. Nye overføringssystem vil kunne skape store

meirverdiar for nasjonen. Slik sett vil ny overføringskapasitet til Bergensregionen vere ei utgift til inntekts erverv.

Hardangerrådet er vel vitande om at ein sjøkabel reiser ei rad spørsmål av teknisk og praktisk karakter, og ventar, om Regjeringa vel dette alternativet, å verte høyrte når desse spørsmåla vert reiste.

Hardangerrådet vil og minna om at Vestlandsfjordane vart kåra på topp over verdas reisemål både i 2004, 2006 og 2009, og at Fjord Noreg regionen har fått øvste plassering som "verdast mest avheldne ikon-reisemål". I rangeringane er det spesielt evna til å ta vare på den spektakulære og unike naturen, samt sikre eit levande fjordlandskap med busetnad og lokal kultur, som blir framheva som dei viktigaste grunnar for sigeren. Naturen og kulturen i Hardanger er svært viktig for regionen sine vidare utviklingsmoglegheiter, og truleg den største bærebjelken for vår framtidige verdiskaping.

Dersom gjeldande planar for kraftlineframføringa vert realisert, støttar Hardangerrådet dei berørte kommunane sitt syn om at alternative trasèar må vurderast. Hardangerrådet støttar også Kvam herad sitt syn i å få trasèalternativ 3.0 konsesjonshandsama.

Dersom regjeringa, i motstrid til ynskje frå trasèkommunane i Hardanger, vel realisering av i luftspenn så ber Hardangerrådet om at Regjeringa, i samarbeid med dei råka kommunane, gjennomfører ei utgreiing som inneheld tiltak som kan kompensere for ulempene med luftlinje.

Justering av traséval for linjeframføring i luft må også avklarast i dette arbeidet. Ei slik utgreiing av kompensierende tiltak bør liggje føre og vere finansiert av Regjeringa før endeleg avgjerd i saka. Kostnaden med kompensierende tiltak for linjeframføring i luft kan verte vesentleg høgare enn det som til no er varsla av Regjeringa.

Kinsarvik 17.02.2011



Leiv Vambheim

Dagleg leiar